



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

TØRVIKBYGD SKULE



1. - 3. NOVEMBER 2005



1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn og skal vurdere grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. ca. åtte skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN



Tørvikbygd skule ligg fint plassert mellom gardar og bolighus i tett- og fergestaden Tørvikbygd ved Hardangerfjorden i Kvam herad.

Undervisning og administrasjon held til i 3 frittstående bygningar. Den eldste bygningen er frå 1937. I 1987 blei det bygd nye klasserom. Den siste bygningen var ny i år 2000 og inneheld plass for kroppsøving og skulekjøkken.

Skulen sin visjon er at dei skal gje ei opplæring tilpassa den enkelte eleven både fagleg og sosialt i eit miljø fritt for erting og mobbing. Hovudmålet er at Tørvikbygd skule skal vera ein god skule for alle.

Alle klassane har utedagar med høve til å nytta lavo og fleire uteplassar. Skuleanlegget har grusbane på 60x40m, minihandballbane og basketballbane.

**Pedagogiske satsingsområde er:
Førebuing til innføring av nye læreplan, auka interessa for lesing, elevvurdering og læringsstrategiar**

Skulen har elevar frå 1. - 7. årskull. I alt er det 62 elevar i skuleåret 2005 - 2006. Første årssteg går i ei gruppe, 2.-4. er ei gruppe, likeeins er 5.-6. ei gruppe medan 7.årssteg er åleine i ei gruppe.

Skulen har omlag 4,6 årsverk i pedagogisk stillingar ved skulestart 2005/2006 fordelt på rektor og seks lærar. Rektor har i underkant av 60% administrasjonsressurs. Det er ein assistent ved skulen og kontorfullmektig i 7% stilling.





3 VURDERINGSTEMA

Tørvikbygd skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Vurdering med fokus på metodar det pedagogiske personalet nyttar for å hjelpe elevane til eigenvurdering.

Skulen ville i utgangspunktet ha med både fagleg og sosial eigenvurdering. I samtale med rektor og to i det pedagogiske personalet valte vi å leggja mest vekt på den faglege eigenvurderinga. I fellesskap kom vi og fram til kven som skulle vera informantane. Skulen sitt personale utforma sjølv vurderingstemplateksten.

Denne prosessen har vore god mellom skule og dei eksterne vurderarane.



Frå arbeidsrommet til lærarane

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av dei eksterne vurderarane og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**Vurdering med fokus på metodar det pedagogiske personalet nyttar for å hjelpa elevane til
eigenvurdering**

Kriterie – kvalitetskrav.	Teikn på god praksis.
<p>Elevvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen</p>	<ul style="list-style-type: none">-aukar motivasjon for vidare læring-hjelper til personleg utvikling-forsterkar fagleg vidareutvikling-dokumenterar oppnådd kompetanse
<p>Eleven når læringsmåla</p>	<ul style="list-style-type: none">-eleven kjenner læringsmåla/kriterium for måloppnåing-eleven får hjelp til å setja seg realistiske mål-eleven er med i vurderinga av eige arbeid-eleven får munnleg og/eller skriftleg tilbakemelding undervegs i læringsprosessen-eleven kjenner ulike læringsstrategiar for å nå måla- det er jamlege elevsamtalar- det er lærar / elev / foreldresamtalar som har utvikling og læring som mål-skulen evaluerar resultatata av kartleggings/ nasjonale prøver saman med eleven-resultata av testane vert brukte til rettleiing for den einskilde eleven
<p>Skulen nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla</p>	<ul style="list-style-type: none">-eleven har innverknad på val av arbeidsmåtar og læringsstrategiar-skulen har læremiddel og utstyr for ulike arbeidsmåtar og tilpassa opplæring-eleven får tilpassa arbeids - og lekseplanar med læringsmål-skulen skaper forventning om meistring hjå eleven og gir han konkrete oppgåver å arbeida vidare med-eleven har arbeidsmappe og / eller presentasjonsmappe-elev og lærar skriv logg i arbeidsprosessen
<p>Det vert arbeidd med sosial kompetanse som ein del av basiskompetansen til eleven.</p>	<ul style="list-style-type: none">-eleven har evne til å innretta seg etter andre-eleven har evne til samarbeid-eleven har evne til å takla konflikhtar og til å løysa konflikhtar




5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Elevar i 2.-7. årstrinn, rektor, alle dei pedagogisk tilsette ved skulen og assistent.
- Eksterne : Rannveig L. Alvsåker, Hanne Sandvik og Inger Selin Hansen frå vurderingsgruppa i Hardanger-Voss kompetanseregion.

Grunngjeving for val av informantar:

Vurderingstemaet bestemte val av informantar. I vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid er det naturleg å involvera dei fleste elevane og dei pedagogisk tilsette inkludert rektor. Skulen sin assistent er også ein viktig informant. Det var derfor viktig at alle desse var med på å gje informasjon til dei eksterne vurderarane.



Flott gamal plansje!



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsgruppa møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsgruppa på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebear vurderingsgruppa informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Juni-august 2005	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
14.09.05 veke 37	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa får planar og anna relevant informasjon frå skulen. Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga.	Begge partar
Veke 38	Vurderingsgruppa lagar kriterium for vurderinga.	Vurderingsgruppa
Veke 39	Skulen godkjenner og/eller kjem med eventuelle endringsframlegg til kriterium. Vurderingsgruppa lagar spørreskjema eller liknande til dei informantane skulen vel ut.	Skulen Vurderingsgruppa
Veke 40	Hautferie	
Veke 41	Skulen godkjenner spørreskjema og/eller kjem med endringsframlegg	Skulen
Veke 42	Skulen administrerer utfyllinga og sender i lukka konvoluttar. Vurderingsgruppa bør ha desse så raskt som mogleg.	Skulen
Veke 43	Oppsummering av spørreskjema. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa
Veke 44	Vurderingsveka: 1.,2. og 3.november Tysdag og onsdag : Vurderingsgruppa har samtale/intervju/observasjon med dei informantane skulen og vurderingsgruppa vel ut. Skulen set opp ein plan for dette og finn høveleg rom. Vurderingsgruppa arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld. Torsdag: Fellesmøte mellom personalet og vurderingsgruppa for framlegging av førebels rapport.	Begge partar
Veke 45	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Kvam herad.	Vurderingsgruppa
Veke 48	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsgruppa.	Skulen
Haut 2005	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport og spørreskjema skjema vert lagt ut på regionen si nettside.	Kommunen/ regionen



7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon. I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

På formøte fekk vurderarane følgjande dokument:

- presentasjon av skulen gjennom informasjonsfaldar haust 2005
- Verksemdsplan 2005/2006
- Årsmelding/tilstandsrapport 2004

- Åtferdsplan for Tørvikbygd skule
- Kvalitetsutviklingsplan 2004-2006
- Plan for "Gje rom for lesing" 2004-2007
- døme på arbeidsplanar, vekeplanar og lekseplanar for 5.,6. og 7.årssteg
- Skulen fekk ein foreløpig tidsplan for vurderingsarbeidet

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsgruppa utarbeidde kriterium/kvalitetskrav og teikn på god praksis med utgangspunkt i diskusjon på formøtet. Skulen hadde endringsframlegg til ordlyden i vurderingstemaet.

Påstandsskjema og logg

Skulen fekk påstandsskjema til det pedagogiske personalet, til assistent, elevar i 2.-4.årssteg, 5.-7-årssteg og loggskjema 5.-7-årssteg tilsendt i veke 41. Desse vart returnert til vurderingsparet i veke 42.

Tidsplan frå skulen

Vurderarane fekk tilsendt eit godt timeoppsett frå rektor for vurderingsdagane.

Oppsummering av påstandsskjema og logg

Oppsummeringa viste kva område vurderingsgruppa måtte hente inn meir informasjon.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna henta inn enda meir informasjon om temaet, laga vurderingsgruppa samtaleguidar for dei pedagogisk tilsette, assistent og elevane.

Vi laga og skjema for observasjon i klassane.

Samtale med rektor før framlegging av rapport

Vurdering

Vurderingsgruppa føretok ei vurdering ved å spegla utsegnene frå elevar, foreldre og tilsette mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurdering vert det trekt ein konklusjon.



8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Personalet har synt vilje til å setje fokus på eigenvurdering.**

Skulen har valt eit utfordrande vurderingstema. Vurderingsgruppa kjenner ikkje til andre skular som har hatt dette til vurdering. Personalet har vore tydelege på at dei er i ein startfase når det gjeld elevane si eigenvurdering, og dei har gitt uttrykk for at dei vil ha eit "puff" for å koma vidare i prosessen. Vurderarane ser at skulen allereie har kome eit skritt vidare sidan formøtet i september. L-97 seier at føremålet med elevvurdering er å fremja læring og utvikling, skapa motivasjon hjå eleven og dokumentera oppnådd kompetanse. Departementet understrekar at elevane må trekkjast med i vurderinga.

- **Personalet har allereie tatt i bruk fleire arbeidsmetodar som er viktige for å lukkast med elevane si eigenvurdering.**

Skulen har mapper klar til alle elevar. Elevane gler seg til å bruka dei. Dei skriv logg etter utedagen, og ein klasse har ein samtalelogg med lærar. Læringsstrategien VØL (veit, ønsker å læra, lært) er godt kjend på 5. -7.trinn. Elevsamtalar er innført på alle trinn. 7. trinnet brukar eigenvurderingsskjema kvar veke. Leselystprosjektet på 5. og 6. trinn inneheld element av eigenvurdering.

- **Det gode arbeidsmiljøet for lærarar og elevar gir godt grunnlag for skuleutvikling.**

Vi opplevde elevar som hadde gode arbeidsvanar. Fådeltskulepedagogikken har gitt øving på samarbeid i aldersblanda grupper. Elevane kan konsentrera seg sjølv om det skjer fleire aktivitetar i same rommet. Dei er motiverte for nye arbeidsmetodar.

Elles:

- Vurderingsgruppa sitt møte med Tørvikbygd skule har vore positivt.
- Elevar og personale var opne og imøtekommande
- Vi fikk god og ryddig informasjon på førehand
- Vurderingsveka var godt tilrettelagd av rektor
- Vi opplevde rolege og høflege elevar
- Elever er stolte av skulen og nærmiljøet sitt
- Elevar fortalte at dei er glade i lærarane sine.
- Skulen har eit allsidig uteområde.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Skulen bør arbeida med å få eigenvurdering inn i elevsamtalen.**

Skulen må arbeida vidare med elevsamtalen/utviklingssamtalen. Denne bør bli ein utviklingssamtale for å fremja læring og utvikling. Samtalen skal verka rettleiande og korrigerande både for lærar og elev med sikte på forbetring for begge partar. Samtalen bør og vera ein reidskap for fagleg eigenvurdering, og det er viktig at dei vert hyppige. Vurderarane rår til at kvar lærar finn ein fast time innanfor den bundne tida kvar veke som dei nyttar til kontinuerlege elevsamtalar. Elevsamtalen/utviklingssamtalen er truleg den viktigaste reiskapen lærarane har for å nå målet om elevane si eigenvurdering.

- **Lærarane må laga planar med konkrete læringsmål**

Måla på planane må vera konkrete for at elevane skal ha noko å vurdere seg mot. Døme: Fin skrift er ikkje konkret nok som eit mål. Rett bokstavhøgd, samanhengjande skrift, eller plassering på linja kan vera mål som lett kan vurderast av elev og lærar.

Kravet om tilpassa opplæring tilseier at måla på sikt verta meir differensierte. Alle elevane har rett til å oppnå meistring samstundes som dei skal ha noko å strekkja seg etter. Skulen bør definera kva dei legg i omgrepa lekseplan, vekeplan og arbeidsplan. Alle bør bruka omgrepa likt til kollegaer, elevar og føresette. Planane bør vera nokolunde likt utforma på alle trinn slik at det er lett for elevar og føresette å forstå dei. Brukarperspektivet er viktig her.



- **Skulen bør variera arbeidsmåtane for å nå læringsmåla.**

Elevane bør læra fleire læringsstrategiar. Det går an å laga ein enkel progresjonsplan for kva strategiar som skal lærast på kvart trinn. Skulen har valt mappe i vurderingsarbeidet. Mappevurdering er ein undervisningsstrategi som har god effekt på elevane si læring. Elevane vert aktive og delaktige. Dei tek ansvar for eiga læring. Det finst fleire variantar av mappevurdering, men nokre element går att. Det handlar om å samla, å velja ut og å grunngje. Grunngjevinga skal vera skriftleg. Aktuelle spørsmål til hjelp i eigenvurdering kan vera: Kvifor har du valt ut nettopp dette arbeidet? Kva har du lært av dette arbeidet? Jamfør "Rettleiing L97 Elevvurdering". Bruk av logg utviklar evna til å ta ansvar for eiga læring. Det kan vera klokt å avgrensa loggføring til nokre fag eller område. Det omfattande lese- og skrivekurset i Ullensvang gir sterke signal om å innføra stasjonsundervisning på 1.- 4. trinn. Her er mykje å henta med tanke på eigenvurdering for denne elevgruppa.

- **Skulen bør laga ein enkel oversikt for kartleggingsrutinar.**

Slike prøver dokumenterer elevane sin kompetanse. Det bør vera eit system som er slik at ein kan samanlikna resultatata år for år for den enkelte elev, klasse og heile skulen. Prøven skal først og fremst koma elevane til nytte og må gå inn som ein del av eigenvurderinga.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER MND – ÅR - SKULE

Utviklingsområde	Idear	Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid
Skulen bør arbeida med å få eigenvurdering inn i elevsamtalen/utviklingssamtalen	Kvar lærar må finna ein fast time i den bundne tida som dei nyttar til kontinuerlege samtalar. Eleven må ha med arbeidsbøker, planar med mål for fagleg eigenvurdering i lag med lærar		
Lærarane må laga planar med konkrete læringsmål.	Måla må vera konkrete. Det skal vera lett for elev og lærar å sjå om ein har nådd måla.		
Skulen bør variera arbeidsmåtane for å nå læringsmåla.	Lærarane må bruka det dei har lært om varierte arbeidsmatar. Mappebruk må setjast i system. Skulen bør ha ein felles begrepsforståing når det gjeld namn på planer. 2. – 4. trinn bør ha lik mal, likeins 5. – 7. trinn. Hospitere på skular som har kompetanse på aktuelle område. Stasjonsundervisning etter Nylundmodellen bør innførast på 1. – 4. trinn.		
Skulen bør laga ein enkel oversikt for kartleggingsrutinar.	Lage ein oversikt over materiell skulen skal bruka. Skaffa det aktuelle materialet.. Gjennomføre kartlegging og bruka det i eigenvurderinga.		

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad: Tørvikbygd 3.november 2005

Namn:
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Namn:
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Namn:
Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



VEDLEGG 1

2. – 4. trinn

Skulen din skal ha besøk. På førehand vil me gjerne vita litt om korleis du har det på skulen. Me vil også gjerne få vita litt om korleis du arbeider. Derfor vil me at du kryssar av på dette skjemaet.

Læraren les, og du skal kryssa under det fjeset du meiner passar best for deg.

☺ = Ofte

☹ = Av og til

☹ = Sjeldan

Eg går iklasse.

		☺	☹	☹
1	Eg likar meg på skulen			
2	Eg lærar mykje på skulen			
3	Eg veit kva eg skal læra i timane			
4	Eg veit kva eg har i lekse			
5	Eg forstår kva som er viktig å læra for det står på arbeidsplanen			
6	Læraren seier kva eg må arbeida meir med			
7	Læraren skriv i bøkene mine			
8	Nokre gonger får eg bestemma kva eg skal ha i lekse			
9	Eg snakkar med læraren min om det eg har arbeidd med i timen			
10	Nokre gonger har eg og læraren min samtale åleine			
11	Eg har arbeidsprogram			
12	Eg bruker data på skulen			
13	Eg gjer skulearbeidet så godt eg kan			
14	Læraren min snakkar med meg			
15	Læraren seier at eg er flink			

Helsing Rannveig, Hanne og Inger



VEDLEGG 2

Påstandsskjema for elevar på 5. – 7. trinn ved

Tørvikbygd skule.

Set eit kryss for kvar påstand.

	PÅSTAND	HEILT EINIG	LITT EINIG	UEINIG
1	Eg trivst på skulen			
2	Eg har evne til å innretta meg etter andre			
3	Eg kan samarbeida			
4	Eg har evne til å takla konflikhtar og til å løysa konflikhtar			
5	Eg kjenner læringsmåla i fleire fag			
6	Eg får hjelp til å setja meg realistiske mål			
7	Eg er med i vurderinga av eige arbeid			
8	Læraren gjev meg råd om korleis eg kan betra arbeidet mitt.			
9	Eg likar måten arbeidsplanen/vekeplanen er utforma på			
10	Eg kan velja kva arbeidsmåte eg vil bruka under arbeidet med planen			
11	Kvar dag har eg oppgåver som eg får til å gjera			
12	Kvar dag har eg oppgåver som eg tykkjer er vanskelege			
13	Eg har jamlege elevsamtalar med læraren			
14	Eg er med foreldra /føresette på konferansetimen			
15	Eg vel ut og samlar noko arbeid i ei mappe			
16	Eg skriv stundomlogg			
17	Eg veit kva læraren forventar av meg når eg arbeider			
18	Eg kan bruka ulike hjelpemiddel når eg arbeider (t.d. data, oppslagsbøker)			



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

Til alle elevane i 5.,6. og 7.årssteg ved Tørvikbygd skule.

I november kjem vi til skulen din. Då skal vi koma inn i klasseromma for å observera. Vi skal også snakka med nokre av elevane og lærarane på skulen.

På førehand vil vi gjerne få vita **di** meining om korleis de arbeidar for å nå læringsmåla.

Du skal kryssa av på skjemaet med vanleg blyant i fem dagar. Dette gjer du på slutten av skuledagen. Du kan setja fleire kryss kvar dag.

Eg er elev iklasse.

I dag har eg arbeidd på denne måten.	Åleine	I gruppe	Med arbeidsplan	Brukt VØL skjema eller tankekart	Brukt data-maskin	Bestemt mål for arbeidet sjølv	Valt arbeidsmåte sjølv	Bestemt kva eg skal ha i lekse	Fortalt til lærar om korleis eg har arbeidd	Fått råd om korleis eg skal arbeida vidare for å nå læringsmål	Brukt mappa mi	Skrive logg
Torsdag 13.10												
Fredag 14.10												
Måndag 17.10												
Tysdag 18.10												
Onsdag 19.10												

Her kan du skriva litt om korleis du meiner at du lærar best.

Helsing Rannveig, Hanne og Inger



VEDLEGG 4

Påstandsskjema for lærarar ved Tørvikbygd skule.

Eg underviser mest på 1. – 4. trinn () Set kryss

Eg underviser mest på 5. – 7. trinn () ”

	PÅSTAND	I høg grad	I nokon grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eg er opptatt av å hjelpa elevane med eigenvurdering				
2	Eleven kjenner læringsmåla				
3	Eleven får hjelp til å setja seg realistiske mål				
4	Eleven er med og vurderer eige arbeid				
5	Eleven får munnleg eller skriftleg tilbakemelding undervegs i prosessen				
6	Eleven kjenner ulike læringsstrategiar for å nå måla				
7	Eg har jamlege elevsamtalar / utviklingssamtalar				
8	Eg trur desse samtalan er nyttige for eleven				
9	Desse samtalan er nyttige for meg som lærar				
10	Det er lærar/elev/ foreldresamtalar som har utvikling og læring som mål				
11	Resultata av kartleggings/nasjonale prøver vert brukte til rettleiing for den einskilde eleven				
12	Eleven har innverknad på val av arbeidsmåtar og læringsstrategiar				
13	Skulen har læremiddel og utstyr for ulike arbeidsmåtar og tilpassa opplæring				
14	Eleven får tilpassa arbeids – og lekseplanar med læringsmål				
15	Eg skapar forventning om meistring hjå eleven og gir han konkrete oppgåver å arbeida vidare med				
16	Eleven har arbeidsmappe og/eller presentasjonsmappe				
17	Elev og lærar skriv logg i arbeidsprosessen				
18	Eg arbeider bevisst med sosial kompetanse som ein del av basiskompetansen til eleven				



VEDLEGG 5

Mal for samtale med elevane i 5. - 7.

Om læringsmål

1. Korleis veit de kva de skal læra i dei forskjellige faga?
2. Kva meiner de med realistiske mål ?
3. Korleis får de hjelp til å setja deg realistiske mål?
4. Korleis er de med vurderer arbeidet dykkar?

Om arbeidsmåtar

1. Kva arbeidsmåtar kjenner de til?
2. Kva tid vel de arbeidsmåtar sjølve?
3. Får alle dei same oppgåvene?
4. Korleis brukar de data?
5. Kva snakkar de om i elevsamtalane?
6. Kor ofte har de slike samtalar?
7. Samlar de arbeid i ei mappe?
8. Kva tid skriv de logg?
9. Kva skriv de om der?

Om sosial kompetanse

1. Korleis trivst du på skulen?
2. Korleis løyser de konflikter som oppstår?
3. Korleis lærer de om konfliktløsning?
4. Kor godt kjenner de åtfersdsplanen?



VEDLEGG 6

Mal for samtale med elevane 2. - 4.

Om læringsmål

1. Korleis veit de kva de skal læra?
2. Får de ros av læraren når de gjer godt arbeid?
3. Kan du fortelja om noko du er fornøyd med?
4. Veit de om ulike måtar å arbeide på?
5. Kva for lekser får du vera med å bestemme?
6. Kva snakkar du og læraren om når de har elevsamtale?

Om arbeidsmåtar

1. Kva gjer de når de har de stasjonslæring?
2. Kva gjer de på datamaskinane?
3. Får du hjelp av dei ande elevane av og til

Om sosial kompetanse

1. Er det kjekt på skulen?
2. Har du venner på skulen
3. Er de greie med kvarandre?
4. Høyrer de på kva læraren seier de skal gjera?



VEDLEGG 7

Mal for samtale med personalet

Om elevvurdering som ein integrert del av læringsprosessen

1. Korleis kan de og elevane dokumentere oppnådd kompetanse?

Om læringsmål

1. Korleis veit elevane kva de skal læra i dei forskjellige faga?
2. Korleis hjelper de elevane til å setja seg realistiske mål?
3. Korleis er elevane med på å vurdere arbeidet sitt?
4. Korleis brukar de kartleggingsmaterialet ?

Om arbeidsmåtar

1. Kva arbeidsmåtar kjenner elevane til?
2. Kva tid kan elevane sjølv velge arbeidsmåtar?
3. Kva for læringsstrategier brukar elevane
4. Læringsstrategiar er satsingsområde, korleis viser dette igjen i skulekvardagen?
5. Korleis tilpassar de arbeids/lekseplanar til den enkelte elev?
6. Korleis kjem eigenvurdering inn i elevsamtalane?
7. Kor ofte har de slike samtalar?
8. Kva samlar de i mappa, og korleis nyttar de dette i eigenvurderinga?
9. Korleis kan de nytta loggskriving i eigenvurderinga?
10. Korleis vert assistenten inkludert i skulekvardagen

Om sosial kompetanse

1. Korleis arbeider de med konfliktløysing
2. Korleis fungerer åtferdsplanen i praksis?